
Vår referanse 2021/6257-2
Dato 17.03.2021

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Uttale - Dispensasjon plankrav - Fv. 5452 - Gnr 196 bnr 86 - Midtgård - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til brev mottatt 24.02.2021. Frist for uttale er 24.03.2021..

Kva saka gjeld:

Det er søkt om dispensasjon frå plankrav jf. § 2.2 for Kommunedelplan for Lindås. Søknaden kjem i samband med overføring av areal til Eknes karosseri. Parsellen som skal overførast er omlag 1.5 daa.

Planstatus:

Eigedomen som skal frådelaast er avsatt til framtidig næringsføremål jf. kommunedelplan for Lindås.

Avkøyrsla til området er i dag regulert gjennom *Hilland bustadområde*. Der er avkøyrsla vist med avkøyrsllepil med krav om nærare detaljering.




Fig: Del av KDP Lindås, og område BN3 t.v. Forholdet mellom fv. 5452 Leknesvegen (regulert), E39 og omsøkte eigedom t.h.

Saksgang:

Vestland fylkeskommune rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde jf. pbl § 19.1. Vi har og klagerett i slike saker.

Uttale til søknad om dispensasjon frå plankrav.

Føremålet med planlegging etter plan og bygningslova er mellom anna sikre til å samordne statlege, regionale og kommunale oppgåver, og sørge for at oppgåver og interesser i eit område vert vurdert i ein samanheng. Planlegging skal sikre opne og føreseielege prosessar, og sikre medverknad for alle interesser og myndigheiter. Søknad om dispensasjon etter plan og bygningslova krev ein grunnngjeven søknad.

Kommuneplan for Lindås var på høyring i 2019. Det var då eit viktig moment for samferdslemynde at det skulle vere plankrav på dette konkrete næringsområdet. Bakgrunnen for dette er at verksemda er utvikla over lang tid utan at bruken har vore heimla i reguleringsplan. Ein har difor ikkje har fått vurdert konsekvensar av arealbruken og sett området i ein samanheng. Ved å regulere området (inkludert eksisterande næringsområde) vil ein få føreseielege rammer for arealbruken.

Parsellen som skal frådelast er del av område BN3 jf. kommunedelplan for Lindås, og er avsett til framtidig næringsareal. Parsellen er omlag 1,5 daa. I følge § 2.2 er det plankrav for tiltak som krev søknad og løyve etter plan og bygningslova §20-2, jf 20-1, under dette frådeling av areal. Storleiken på parsellen er langt over grensa som er satt for areal som er unntatt for krav om reguleringsplan. jf §2.2.1 til kommunedelplan for Lindås.

Ei utviding av næringsområdet krev ei ny vurdering av avkøyrsla. Dette kjem og fram av føresegnene til reguleringsplan for Hillevåg bustadområde, der fylkesvegen forbi eigedomen er regulert. Avkøyrsla er vist med avkøyrslépil i plankartet. § 2.1.4 i planen. Føresegna viser til at ved tiltak knytt til avkøyrslar, skal avkøyrslene plasserast som vist i med plankartet og utformast i tråd med gjeldande krav i Handbok N100.

Avkøyrsla har i dag ei utforming som ikkje i samsvar med handboka. Området der avkøyrsla ligg, er uoversiktleg, i eit kryssområde og i tilknytning til snusløyfe for kollektiv (E39). Det er ikkje tilrettelagt for tilbod til mjuke trafikantar på strekninga, eller i kryssområdet. I reguleringsplan for Hillevåg bustadområde er det planlagt fortau forbi strekninga. Dette tiltaket er aktuelt gjennom det pågåande prosjektet med *Områdeutgreiing Leiknes skulekrins*, der ein ser på forholda for mjuke trafikantar på strekninga. Prosjektet er forankra i Alver kommune (Lindås) sin trafikktryggleiksplan.

Dispensasjon etter plan og bygningslova krev ei grunnngjeven søknad jf. §19-1. Søknaden er ikkje grunnngjeve ut over at arealet skal nyttast til parkering.

Ein reguleringsplan skal og vurdere byggjegrense langs E39. Det er Statens vegvesen som er rett vegmynde på europaveg. Statens vegvesen vil og vere ein høyringspart i dette tilfelle.

Sluttord:

Vestland fylkeskommune meiner det ikkje er grunnlag for å fråvike plankravet for arealoverføring frå gnr 196 bnr 86 i Alver kommune slik det er søkt om. Søknad om dispensasjon er ikkje grunnngjeve. Vestland fylkeskommune som samferdslemynde meiner det er behov for å sjå på arealbruken i området i ein samanheng.

For auka bruk av avkøyrsla vil vi krevje ei opparbeiding av avkøyrsla i samsvar med handbok N100.

Vi ber om å få tilsendt kommunen sitt vedtak til klagevurdering

Med helsing

Hege Løvteit
leiar

Tone Bøyum
senioringeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

STATENS VEGVESEN BERGEN
KONTORSTED

Postboks 874 Sentrum